

## Samansetjing av utvalet pr. desember 2018

<b>Faste medlemar:</b>
Inge Aareskjold Fiskvik, FFO, leiar
Hjørdis Dahle, SAFO, nestleiar
Svein Nord Kristiansen, FFO
Dag Einar Liland, FFO
Marianne Clementine Håheim, FFO
Kirsten Eikanger Mjelde, FFO
Ida Carlsen Eide SAFO
Inger Lingjerde, Fylkeseldrerådet i Hordaland
Joe Aseerwatham, Innvandrerrådet
Agnar Berland, Kreftforeningen

<b>Varamedlemar:</b>
1. Trude Aarseth, FFO
2. Anne Britt Skår Hopland, FFO
3. Karl johan Undal, FFO
4. Claus Ingebrigtsen, FFO
5. Bjørn T. Thomassen, FFO
1. Ulrikke Amundsen Tranberg, SAFO
2. Ingeleiv Haugen, SAFO
Roy Arne Nilsen, Kreftforeningen
Martin Monrad Reigstad, Fylkeseldrerådet

FFO: Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

SAFO: Samarbeidsforum Av Funksjonshemmedes Organisasjoner

### Frå administrasjonen

Randi-Luise Møgster, viseadministrerende direktør

Administrativt ansvarleg for utvalet

Magne Høgelid, Rådgjevar, seksjon for helsetenesteutvikling/

Sekretariat for utvalet

## **Oppgåver og aktivitetar**

Brukarutvalet har halde 10 møter og har handsama i alt 98 saker pr. 10. desember, et siste møte er planlagt i løpet av 2018. Det har i 2018 vore stor aktivitet i Brukarutvalet. Aktiviteten har vore aukande i forhold til tidligare år. Viseadministrerende direktør har delteke på utvalets møter for ein orientering om aktuelle saker i Helse Bergen. Eit slikt bindeledd mellom brukarutval og ledelse har vist seg naudsynt for at brukarrepresentantane kan holde seg oppdatert og gjer det mogeleg for direkte innspill til administrasjonen. Utvalet har opplevd ledelsen som merksame for innspel dei får frå brukarrepresentantane.

Det er utarbeidd prosjektoversikt som følgjer årsmeldinga og som viser prosjekt med brukarmedverknad vi er eller har vore involvert i gjennom året.

Det er pr. desember 2018 registrert 112 ulike arbeidsgrupper, prosjekt, program eller utval der brukarmedverknad er innmeld etter førespurnad. I løpet av hausten 2018 er også utvalet representert inn i fleire Kvalitet- og pasientsikkerhetsutval tilknytta avdelingar i Helse Bergen. Dette området har ikkje tidligere vore ein arena vi har deltatt i, men vi håper det vil skape auka forståing og merksemd for brukarsyn inn i behandlinga. Brukarutvalet har representantar i alle dei 4 samarbeidsutvala i Hordaland, som kvar har minst 4 møter årleg. Det har i 2018 i tillegg vore arbeid særskild mykje med:

\* Styrking av samhandlinga mellom brukarutvala i Helse Vest, og læring på tvers av disse.

\* Auke fokus på brukarmedvirking inn i forskingsprosjekt i Helse Bergen, og rutinar for dette.

\* Rekruttere kompetente brukarrepresentantar inn frå organisasjonane, slik at rett person sit på rett stad.

\* Rette fokus på spesielt utfordrande situasjoner i Helse Bergen frå pasient og pårørande sine perspektiv: særleg ulikheit i tenester, svakheiter med Pasientreiser, utfordringsbildet for pasienter når meir av tenestene går for poliklinisk behandling og sengeposter blir lagde ned eller opplever store omorganiseringar.

## **Status for Brukarmedverknad i Helse Bergen**

Brukarutvalet har i perioden halde kontakt mellom Brukarutvalet og paraplyorganisasjonane, samt dei einskilde organisasjonane som har sete i utvalet. I mange prosjekt er det naturleg å nytte den spesialiserte kompetansen som medlemmane av einskildorganisasjonar har. Det er Brukarutvalet som skal avgjere kva type representasjon som trengs og som opprettar kontakt med relevant person. Det har til tider vore naudsynt å gå tilbake til den i foretaket som har spurt etter brukarrepresentant for å klargjere kor mykje tid oppdraget vil ta, og kva for ein kompetanse som er etterspurd. Fleire førespurnadar inn til utvalet ber i tillegg preg av å kome seint, enten rett før oppstart av prosjekt eller i verste fall etter oppstart. Når det gjeld forskingsprosjekt må også desse i høgare grad bli merksame på relevante retningslinjer, til dømes at økonomiske utgifter for brukarrepresentant skal gå av tildelte midlar.

Brukarutvalets medlemmer er jamt blitt nytta som foredragsholdarar på til dømes Lærings- og meistringkurs med fokus på pasient- og pårøranderollen og i helsefagopplæring. Utvalet har også halde innlegg ved f.eks. opning av Habiliteringklinikken for voksne, og vore deltaker på utvikling av digital grunnopplæring for brukarrepresentantar i ein nasjonal workshop. Utvalet deltok også på Helse Vest sin forskingskonferanse i 2018.

## **Rekneskap**

Brukarutvalet har for 2018 hatt eit budsjett som ved årsslutt vil halde seg innanfor tildelte rammes. Økonomisk situasjon pr. november 2018 ligg ved årsmelding. Utvalet vil også takke Helse Bergen for at det i løpet av 2018 blei mogeleg for medlemmene av utvalget å også få tilgang til relevante dokument som kun lå internt på foretaket. Ved innkjøp av datamaskiner til faste utvalgsmedlemmer har fleire større prosjektarbeid vore langt enklare å delta konstruktivt inn i. Utvalet vil få auka kostnader ved også å tre inn i avdelingar sine Kvalitets- og pasientsikkerhetsutval, og dette er også tatt omsyn til frå administrasjonens side til neste år.

Bergen 10.12.2018

Inge Ø. Aareskjold Fiskvik  
Leiar av brukarutvalet i Helse Bergen